

ÅRSPLAN

SOLUND BARNEHAGE

2018/2019



VELKOMEN TIL BARNEHAGEÅRET 2018/2019

Eit heilt nytt og ubrukt barnehageår ligg framfor oss. Eit år der det skal vere gode aktivitetar, latter og moro, alvor og spøk, leik og læring, turar og mykje meir. Eit år der Solund barnehage skal ha fokus på barna si psykiske helse, sosial kompetanse og det å vere meg i ein større samanheng.

Denne planen er meint å gje informasjon til foreldre, barnehagens samarbeidspartar og andre interesserte om kva vi vektlegg i Solund barnehage det neste barnehageåret, kontaktinformasjon og ei oversikt over viktige datoar.

Solund barnehage sin visjon er: *Solund barnehage skal vere ein barnehage der barn, foreldre og tilsette har gode kvardagar. Barnehagen skal vere ein del av Solund kommune sitt mangfald.*

Hos oss kan ein forvente:

- Daglege opplevingar av å lukkast
- Ein trygg plass å vere
- At det vert lagt vekt på omsorg, leik og læring
- At uteliv og fysisk aktivitet vert prioritert
- At barna møter eit godt og heilskapleg oppvekstmiljø
- At det vert lagt vekt på språk og språkarbeid
- At det vert arbeida med barns psykiske helse

Barnehagen skal legge til rette for at barna får opplevingar som er meningsfulle og som dei kjem til å hugse som gode. Det handlar om opplevingar som vekker gode kjensler. Kjensler som tryggleik og fellesskap, lysta til å skape noko og ikkje minst oppleving av å meistre noko og føle glede. Kvar dag skal gje rom for gode opplevingar som er verdt å stoppe opp og fundere over, både for barn og vaksne.

Barna skal oppleve trygge og omsorgsfulle vaksne som er tilstades og ser det einskilde barn. Å bli vist omsorg er eit av våre grunnleggande behov. Med omsorg meiner me å høyre på kvarandre og å la kvar og ein få vise kven dei er. Dei vaksne er viktige rollemodellar for barna, og evna til å vise empati lærast via positive handlingar, av både små og store.

For å skape gode opplevingar i barnehagen er det viktig med engasjerte vaksne. Å vere engasjert betyr å vise nærleik og interesse. Å være ein pådrivar i leik, samspel og samarbeid motiverer. For å kunne drive dette fram må me ha engasjerte og aktive vaksne som stadig vil bringe nye tankar inn i barnehagen.

I barnehagekvardagen skal det leggest tilrette for varierte opplevingar, kunnskap og bruk av materiale som kan fremje læring. På denne måten vil barna få grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle områder.

Barnehagen vil legge til rette for eit godt læringsmiljø blant anna gjennom bruk av naturen. På uteplassen, og i nærmiljøet rundt barnehagen, har me store muligheiter. Her kan barna få gode opplevingar, nye erfaringar og dei kan få stimulert forskartrøng. Å gå på tur gjev mangfald, felles opplevingar og ein får brukt kroppen fysisk på ein positiv måte.

Samspel og samvær med andre barn og vaksne er viktig for å utvikle barnas sosiale kompetanse. Dei lærer ferdigheiter som:

- Empati – det å forstå andre sine kjensler, perspektiv og tankar
- Sjølvhevding – det å fremje egne interesser og meiningar på ein god måte
- Sjølvkontroll – det å inngå kompromiss i konfliktsituasjonar og i leik
- Prososiale holdningar og handlingar – hjelpe, oppmuntre og dele med kvarandre
- Leik, glede og humor

Solund barnehage håper at alle får eit strålende fint barnehageår!

TILSETTE VED SOLUND BARNEHAGE 2018/2019

Linda Pollen Sundal	Pedagogisk leiar 100%	Linda.pollen@solund.kommune.no
Nils Bjørgo	Pedagogisk leiar 60%	Nils.bjorgo@solund.kommune.no
Karen Nessen	Pedagogisk leiar 60% 40% permisjon til 28.02.18	karen.nessen@solund.kommune.no
Liv Helene Hansen	Konstituert pedagogisk leiar 80%	liv.helene.hansen@solund.kommune.no
Jeanette G Viken	Fagarbeider 100%	
May Gunn Ellingsen	Fagarbeider 50%	
Elin Hugøy	Fagarbeider 80%	
Solfrid Soldal	Fagarbeider 80%	
Bente Utvær	Fagarbeider 60%	
Therese V Midtbø	Fagarbeider 80%	
Janne Beate Utvær	Praksiskandidat 100% til 31.12.18	
Kali Issa	Tospråkleg assistent 100%	
Sandra Stølen	Prosjektstilling oppvekst 100%	sandra.stolen@solund.kommune.no
Malene Lundøy	Spesialpedagog 100%	
Irena Brzozowska	Reinahald 50%	
Anne Brith Tangenes	Styrar 100%	anne.brith.tangenest@solund.kommune.no

KONTAKTINFORMASJON

Telefon: 57786238 / 94879535 (avd oppe) , 47976863 (sjøhesten)

Styrar: 57786239 / 97584571 anne.brith.tangenes@solund.kommune.no

RAMMEBETINGELSAR

Barnehagelova §1 Formål:

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som komme til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Formålsbestemmelsen fastset kva som er barnehagens samfunnsmandat og kva verdigrunnlag barnehagen skal bygge på. Barnehagen samfunnsmandat er, i samarbeid og forståelse med heimen, å ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal tilby barn under opplæringspliktig alder et omsorgs- og læringsmiljø som er til barna beste.

For å arbeide med det samfunnsmandatet me har fått skal:

- Barnehagen være ei pedagogisk verksemd
- Barnehagen gje barna mulighet for leik, livsutfolding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar
- Barnehagen ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn
- Barnehagen formidle verdiar og kultur, gje rom for barns eigen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturellt fellesskap.
- Barnehagen støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gje utfordringar med utgangspunkt i barnas interesser, kunnskaper og ferdigheter.
- Barnehagen ha ein helsefremjande og ein førebyggjande funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.

- Barnehagen la barna medverke til eigen kvardag

Månad	Tema	Kva skjer	Viktige datoar
August	Velkomen til Solund barnehage	Oppstartssamtalar med nye barn	Plandagar 13 og 14 – barnehagen stengt. Oppstart nytt barnehageår 15/8-18
September	Eg og familien min	Brannvernveke	18/9 – Foreldremøte kl 18.00
Oktober	Eg som ein viktig del av gruppa	Foreldresamtalar	21/10 – Tv-aksjon 24/10 – FN dagen
November	Eg som ein del av den store verden	Lysfestival	17-18/11 - Lysfestival Plandag 19/11 – barnehagen stengt
Desember	Eg bryr meg om andre og er omsorgsfull	Jul	13/12 – Luciafrukost 20/12 - Nissefest
Januar	Eg gjev nokon ein ny sjangse		Plandag 2/1 – barnehagen stengt
Februar	Eg viser at eg kan glede andre	Samefolkets dag	6/2 – Samefolkets dag Skulen vinterferie veke 8 28/2 - Karneval
Mars	Eg medverkar positivt i fellesskapet		
April	Eg bidreg til at andre har det bra	Påske	1/4 - frist for innlevering av ferie! Plandag 5/4 – barnehagen stengt 11/4 - påskefrukost 17/4 – barnehagen stengjer kl 12.00 22/4 – verdens bokdag
Mai	Eg gler meg saman med andre	17.mai Strandrydding	1/5 – offentleg fridag 16/5 – før 17.mai feiring 30/5 – Kr Himmelfartsdag
Juni	Eg bidreg positivt i nye grupper	Tilvenning på nye avdelingar og i nye grupper	
Juli			

RAMMEPLAN

Barnehagen har ein rammeplan som vi er forplikta å jobbe etter, deriblant 7 fagområder.

Rammeplanen vert lokalt tilpassa og i Solund barnehage tenkjer vi slik:

FAGOMRÅDE	KORLEIS
KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST	<ul style="list-style-type: none"> - Lese variert barnelitteratur - Samtalar, forteljing, rim og regler - Songar - Tal og bokstavar skal vere tilgjengeleg - Bravoleiken - Personalet er bevisst si rolle som språkmodell
KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE	<ul style="list-style-type: none"> - Fysisk aktivitet ute og inne på ulikt underlag - Turar i nærområdet - Gode matvanar - Lære begrep knytt til kropp, følelsar, hygiene og kosthald
KUNST, KULTUR OG KREATIVITET	<ul style="list-style-type: none"> - «inntrykk gjev uttrykk» - Utforske ulikt materiale og teknikkar - Kunstprosjekt knytt til årstider og tema - Musikk og dramatisering - Knyte oss opp mot lokale aktørar, lysfestival
NAUR, MILJØ OG TEKNOLOGI	<ul style="list-style-type: none"> - Vi vil fylgje med på korleis naturen forandrar seg i takt med årstidene - Ta opplevsalar ute med inn på avdelinga og «forske» vidare - Samtalar om å ta vare på naturen, haldningar til det vi har rundt oss - Fisketur for sjøhestar
ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI	<ul style="list-style-type: none"> - Sosial kompetanse - Høgtider - Bruke bøker, songar, bilete og nytte den gode samtalen - Undring - Barn i andre land - Innarbeide gode verdiar, toleranse og respekt
NÆRMILJØ OG SAMFUNN	<ul style="list-style-type: none"> - Bruke nærmiljøet aktivt - Samtale om det me ser og opplever rundt oss - Arbeidsplassar - Bibliotek - Skulen
MENGD, ROM OG FORM	<ul style="list-style-type: none"> - Konstruksjonsleik - Matlaging (måling, mengde) - Oppmuntre til teljing i daglege gjeremål - Ulike former, tal, bokstavar, spel,

ÅPNINGSTID

Solund barnehage har ope frå 07.10 – 16.40. Barna kan i det tidsrommet nytte plassen i 9 timar.

Barna skal vere komne til 09.30.

Barn med plass i Solund barnehage skal ha **tre veker samanhengande ferie** i løpet av barnehageåret (15/8 -18 til 15/8-19).

Solund barnehage held stengt julafta og nyttårsafta samt fem plandagar i løpet av året. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl.12.00.

PLANDAGAR

For barnehageåret 2018/2019 er det plandagar:

- 13/8-18
- 14/8-18
- 19/11-18
- 2/1-19
- 5/4-19

FORELDREMØTE

Det er lagt opp til to foreldremøter kvart barnehageår. Eit ved oppstart og eit om våren. Haustmøte er sett til 18/9-18 kl.18.00.

FORELDRESAMTALAR

De får tilbod om to samtaler i løpet av barnehageåret. Førskuleborn **skal** ha ein samtale om våren. Utanom oppsette tider er det sjølvsgt mogeleg å be om samtale.

SAMARBEIDSUTVAL

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre og tilsette i barnehagen, kvar gruppe likt representert. Barnehageeigar har to representantar. Styrar i barnehagen er sekretær, har rett til å uttale seg, men ikkje stemmerett i utvalet.

For barnehageåret 2018/2019 er utvalet sett saman slik:

Foreldrerepresentant : Marlen Trovåg

Foreldrerepresentant: Lise Villanger

Tilsettere representant: Karen Nessen- vara: Nils Bjørgo

Tilsettere representant: May Gunn Ellingsen

Eigarrepresentant: Anita Einen

Eigarrepresentant: Irene Sanden

Leiarvervet ligg eit år til foreldrerepresentantar og eit år til dei tilsette. Leiar av utvalet har dobbelstemme.

Alle med tilknytning til Solund barnehage kan fremme saker til SU.

SAMARBEIDSPARTAR

PPT – For ytre Sogn og Sunnfjord Ytre Sogn og Sunnfjord

Pb 12, 6961 Dale i Sunnfjord Tlf: 57738000

BARNEVERN

HAFS interkommunale barnevernteneste

Postboks 54, 6961 Dale Telefon: 57 73 80 00

SOLUND HELSESTASJON – TLF: 57786282

